

Framleis snø på Hauglandsfjellet og i Botnane

18.04.2011

Det er framleis snø på Hauglandsfjellet, i lia ned mot Mannsvatn/Vatnastølsvatn og i Botnane. Med den varmen vi hadde i dag, tinar det mykje for kvar dag, men det vil vera snø for dei som vil gå på ski i påskehelga.

Dette gjeld ikkje heime på fjellet mot Storhaug, men lenger inne mot Tverrfjell og Gråfjell.

Isen på Mannsvatn er usikker. På Vatnastølsvatn held det enno nokre dagar, men ver varsam. Isen tinar frå land og det er store sprekker.

Det var stor smelting i fjellet i dag og stor vassføring i små og store elvar. Ein må syna varsemd der ein veit om og høyrer vassføring under snøen.

I Botnane er små ras synlege og ein treng ikkje nett gå åleine i bratte heng.

Vi har merka oss kva den fjellvande Steinar Myklebust seier om snøen og fennene på Englafjell og Manen. Det er klokt å høyra på gode råd frå eldre og lokalkjende bygdefolk.

God påske!!

Kristian Olav Bringedal